



Nynorskhuset i Førde

Forstudie
10. mars 2019

Innhald


1.	Føreord	3
2.	Bakgrunn og historikk	5
3.	Kva er eit nynorskhus?	7
4.	Mål	8
5.	Interessentane	9
6.	Eigarskap og endringar	12
7.	Vurdering i konseptvalet	16
8.	Felles organisering?	18
9.	Rammevilkår	20
10.	Bindingar og føresetnader	21
11.	Anskaffingsstrategi	22
12.	Skisse til overordna prosjektplan	25
13.	Skisseprosjekta	30
14.	Funksjons- og romprogram	32
15.	Forventa vinst	37
16.	Økonomi	40
17.	Tilråding	41
18.	Figurar og tabellar	42
19.	Vedlegg	43

1. Føreord

Styringsgruppa for Nynorskhuset i Førde har tinga ein forstudie med funksjons- og romprogrammet for samlokalisering av nynorskspråklege medie- og kulturverksemder i Førde.

Deira ynskje var:

- «Ei kort oppsummering av areal i rom- og funksjonsprogrammet
- Økonomiske vurderingar basert på romprogrammet – enkle vurderingar omkring forventa kostnadsnivå på leigekontraktane
- Drøfte eventuell eige/leige problematikk
- Plan for gjennomføring av utlysning, konkurranse, evaluering og innstilling. Her må til dømes kriteria og andre vilkår for konkurransen fastleggast og om Lov om offentlege kjøp skal nyttast.
- Framdriftsplan/tidsplan
- Ei tilråding til vidare arbeid/prosess.»



Figur 1 DIFI - Tid, påverknad og kostnader

Studien har ei rad tilrådingar. Slik arbeidet no er lagt opp, er det naudsynt at alle partane er samde før prosessen går over i neste fase. Frå nå av minkar handlingsrommet gradvis, medan kostnadene aukar raskt.

Som det går fram av figuren frå DIFI sine fagsider¹, er vi framleis i fasen (grøn) med planlegging og behovskartlegging. Kostnadene er framleis relativt små, medan høve til å påverke framleis er stort.

Så snart vi kjem over i neste fasen med konkurransegjennomføring (blå), kjem kostnadene fort og handlingsrommet vert mindre og mindre.

Det går fram av studien at framdrifta er særleg krevjande for teateret og dei to eigarane.

Studien og tilrådingane går no til partane, NRK, Firda, Sogn og Fjordane teater (og eigarane) og Rein Design as slik at dei kan:


- Handsame rapporten
- Ta stilling til tilrådingane.

¹ <https://www.anskaffelser.no/anskaffelsesprosessen/anskaffelsesprosessen-steg-steg>

Det er teke sikte på at det vert semje om å gå vidare med konkurransen i eit styringsgruppemøte som er fastsett til 2. april 2019. Om det ikkje er mogeleg å få semje om dei sentrale elementa der, må dei av partane som treng det, få rimeleg tid til å gjere naudsynte avklaringar med sine overordna/eigarar.

Øvre Årdal, 10. mars 2019

Nynorskhuset



Jan Øhlckers

Prosjektleder

2. Bakgrunn og historikk

Nynorsk grunnfjell

Det norske språket er under press. I 1986 vart åtte av 10 masteroppgåver skrivne på norsk, i 2016 var talet redusert til fem av ti, syner ei fersk gransking frå NIFU. 12 prosent av grunnskuleelevane i Noreg har nynorsk som hovudmål når dei tek til på skulen. Før dei forlèt den vidaregåande skulen, er prosenten redusert til seks, syner statistikk frå Utdanningsdirektoratet for skuleåret 2016-2017. Granskingar viser at elevane skifter målform fordi nesten alt dei les, er på bokmål. Meir nynorsk i media, større merksemd om den nynorske litteraturen og eit styrkt nynorsketeater kan bli ei viktig motvekt til denne utviklinga.

Rundt 600.000 menneske har nynorsk som skriftspråk.

Sogn og Fjordane og Hordaland er det nynorske grunnfjellet. Av 56 kommunar i dei to fylka er det berre tre som er språknøytrale. Dei andre har alle nynorsk som administrasjonsspråk. Det vil òg den nye Vestland fylkeskommune ha, og då fylgjer Fylkesmannen i Vestland med.

I Sogn og Fjordane har 97 % av grunnskuleelevane nynorsk som hovudmål. Dei held i stor grad på målet sitt gjennom vidaregåande skule. Derfor er Førde ein naturleg og solid ståstad for fremjing av nynorsk språk og kultur.

Ide og sonderingar

Tidleg i 2017 gjennomførte NRK Sogn og Fjordane (NRK SFj) sonderingssamtaler med Avishuset Firda (Firda) og ei rekkje mindre aktørar innan media og kommunikasjon i Førde. Samtalene viste stor vilje til og interesse for å jobbe vidare med ideen om ei samlokalisering i eit nynorsk mediehus.

Arve Sandal vart tilsett som felles prosjektleiar. Det vart henta inn ideskisser frå fleire potensielle utbyggjarar. Dette er nærare gjort greie for i kapittel 13 Skisseprosjekta frå s. 30.

Sommaren 2017 vart det gjennomført nye samtaler med nynorske kulturaktørar som Sogn og Fjordane Teater (SoFt). Ut av denne dialogen kom ideen om eit nynorskhus som ei kraftfull klynge med vilje til å ta eit nasjonalt ansvar for nynorsken.

Helgaro as v/Oddvar Flæte tok over som prosjektleiar frå sumaren 2018 og fram til 31. desember 2018.

Partane, deira mål og felles interesser

Firda, teateret, Rein Design og NRK signerte 11. februar 2019 ein intensjonsavtale om å samarbeide om å få reist «Nynorskhuset i Førde».

Mål og felles interesser er der formulert slik:

- *Partane vil bidra til å utvikle eit klyngemiljø av kultur- og mediebedrifter som kan bli eit løft for det norske språket og ei innovativ kraft for aktørane. Nynorskhuset skal vere eit nasjonalt kraftsentrum for nynorsk språk og kultur*
- *Ved å samlokalisere ei rekke kultur og medieaktørar, vil vi utvikle ei motvekt til forvitringa av språket*
- *Nynorskhuset skal romme eit mangfald av mediebedrifter og kulturinstitusjonar med det nynorske språket som felles overbygg*
- *Det vil bli arbeidd med å få fleire aktørar inn i bygget. Det skal vektleggast å få med utviklingsorienterte bedrifter*
- *Pilarane i huset skal vere mediehuset Firda, Nynorsk avissenter, NRK, NRK Nynorsk mediesenter og Sogn og Fjordane teater*

Det er dessutan semje om at intensjonsavtalen etter kvart vert avløyst av ein samarbeidsavtale

Styringsgruppa

Styringsgruppa for prosjektet har representantar frå SoFt, NRK SFj og Firda. Representantar for eigarane av teateret møter som ressurspersonar.

Styringsgruppa har hatt fleire møte, 10. august, 3. september, 10. desember 2018 og 1. februar 2019.

Desse har møtt:

Tabell 1 Styringsgruppa

Frå	Namn, stilling
SoFt	Rasmus Mo, styreleiar Margunn Grytten Selvik, direktør Bodil Kvamme, teatersjef
NRK SFj	Terje Gillehammer, distriktsredaktør
Firda	Kai Aage Pedersen, redaktør Svein Atle Huus, regiondirektør Amedia Vest
Ressurspersonar:	
Sogn og Fjordane fylkeskommune	Jenny Følling, fylkesordførar
Førde kommune	Olve Grotle, ordførar

Prosjektleiing

Vidsyn rådgivning as, Øvre Årdal v/Jan Øhlckers tok over som prosjektleiar frå 1. januar 2019. Han har avtale til det er teikna kontrakt med éin utbyggjar.

Arkitekt er Arkitektkontoret 4b, Sogndal v/Guri Fonsdal. Ho har hatt ansvaret for funksjons- og romprogrammet.

Prosjektmandatet ligg som vedlegg til denne studien.

Meir informasjon?

Det er laga ein brosjyre med oversyn over dei potensielle utbyggjarane og aktuelle samarbeidspartar. Den ligg som uprenta vedlegg til denne studien. Det meste av innhaldet i brosjyren ligg på prosjektet sitt domene: <http://nynorskhuset.no>

3. Kva er eit nynorskhus?

Visjon

Visjonen er å utvikle eit klyngemiljø av kultur- og mediebedrifter i Førde som kan bli eit løft for det norske språket og ei innovativ kraft for aktørane.

Samlokalisering

Samlokalisering av medieverksemder og kulturinstitusjonar i Førde kan bli eit inspirerende utviklingsmiljø for deltakarane og grobotn for nye verksemder.

Eit nasjonalt kraftsentrum for nynorsk språk og kultur

Alle aktørane har:

- *Formidling som profesjon*
- *Nynorsk som kjernespråk*
- *Digital teknologi i produksjon og publisering.*

Det er når vi møtest, at vi utviklar oss, både som menneske og bedrifter. Denne klyngeeffekten, med auka innovasjonstakt, meir kunnskapsdeling og sterkare attraktivitet for både tilsette og bedrifter, er godt dokumentert i forskinga.

Nynorskhuset i Førde har alle føresetnader for å bli eit slikt vekstmiljø til beste for partane, publikum og ikkje minst det nynorske språket.

Ved å samlokalisere ei rekke kultur- og medieaktørar vil vi utvikle ei motvekt mot forvitringa av det nynorske språket. Det kombinerte kultur og mediehuset i Førde startar med over 100 arbeidsplassar og blir den største

nynorskkynga i landet. NRK, Firda og Sogn og Fjordane Teater blir dei største aktørane i dette klyngemiljøet.

Mangfald

Ambisjonen i Førde er at nynorskhuset skal romme eit mangfald av mediebedrifter og kulturinstitusjonar med det nynorske språket som felles himmel. Her blir også rom for teknologibedrifter og kompetansemiljø som driv opplæring, formidling og underhaldning.

Nynorske fyrtårn

Vi har eit døme; Oslo har Nynorskens hus – drive av Bondeungdomslaget i Oslo, der ulike uttrykk møtest; teater, dans, musikk, språk, debatt, litteratur, handverk, design og forskning. Det er ein arena for born, unge og vaksne, amatørar og profesjonelle, med rom for å undersøke og formidle nynorsk kulturarv, skape nye uttrykk, bygge kunnskap og samhald.

Det skal gi fleire tilgang til nynorsk språk.

I Bergen planlegg Hordaland teater å lage nynorskens hus i sine lokale i gamle Logen.

Planane våre skil seg frå desse døma. I Førde er det ei klynge av verksemder som saman vil inn i nytt bygg for lettare å samarbeide om å løfte det nynorske språket. Løysinga likner meir på det Media City Bergen har fått til med «Norwegian Centre of Excellence» (NCE-media).

4. Mål

Det overordna målet er å utvikle eit klyngemiljø av kultur- og mediebedrifter til eit nasjonalt kraftsentrum for nynorsk språk og kultur. Klynga skal gi eit løft for det norske språket og vere ei innovativ kraft for aktørane.

Navet i klynga skal vere Nynorskhuset i Førde, med samlokalisering av regionale kultur- og medieverksemdar med nynorsk språk som fellesnemnar.

Konkrete delmål

Som delmål vert desse aktivitetane (A1 - 6) gjennomført:

- *AP1 – Engasjere felles konsulent*
- *AP2 – Prekvalifisering*
- *AP3 – Felles kravspesifikasjon*
- *AP4 – (Ev. eigen kravspesifikasjon)*
- *AP5 – Konkurransen med tingingar*
- *AP6 – Kontrakt*

Aktivitetane er nærare omtalt i kap. 12 Skisse til overordna prosjektplan frå s. 25.

Rammer

Anskaffingsprosjektet startar opp 2. april 2019 og vil vere ferdig ved teikning av kontrakt med utbyggjar. Med det konseptet som no er tilrådd vil vegen vidare derifrå vere ei sak mellom utbyggjar og den einskilde leigetakar.

Når tingingane er avslutta og kontrakt teikna, må partane på nytt vurdere om dei vil inngå eit nærare samarbeid enn det som ligg i intensjonsavtalen og ei ev. samarbeidsavtale.

5. Interessentane

Analysen gir eit oversyn over partar som anten er ein del av prosjektet eller som prosjektet er avhengig av. Ein interessent er ein part som stiller krav eller har ei forventning til resultatet.

Figuren på neste side syner dei viktigaste aktørane regionalt og deira «bak-land» av eigarar o.l.

I tillegg til det som er lista opp her har sjølvstøtte dei tilsette hjå dei sentrale partane stor interesse av det som no skjer, med høve til å påverke og bli påverka. Dette ansvaret ligg til kvar av partane.

Ålmenta, både som innbyggjarar, lesarar, lyttarar, sjåarar og tilskodarar, vil og kunne påverke og bli påverka.

I Førde er det dessutan ei rad verksemder som har synt interesse for visjonen, men som førebels ikkje har teke steget inn som partnarar. Dette er m.a.:

- *Rom for ord*
- *Selja forlag*
- *Rakkar*
- *Førdefestivalen*
- *Førde bibliotek.*

Når forprosjektet no er ferdig, er det naturleg å gå ein ny runde med desse for å sjå om nokre av dei kan tenke seg å slutte seg til partnerskapen.

Nasjonale og regionale alliansar

Det blir viktig framover å bygge alliansar med dei nasjonale knutepunkta med nynorsk som fellesnemnar. Det gjeld m.a. «Nynorsk forum» nasjonalt og «Nynorskfylket» regionalt.


Nasjonalt

Nynorsk forum er eit forum for leiarar innan nynorsk-organisasjonar og institusjonar. Det er leia frå Nynorsk kultursentrum i Ørsta². Dei 17 nasjonale nynorskorganisasjonane går fram av tekstboksen i figuren over. Dette forumet konsentrerer seg om nasjonal språkpolitikk, innspel til og oppfølging av statsbudsjett, m.m. Døme er at forumet:

- *Kvart år sender felles brev til Regjeringa og Stortinget med felles prioriteringar*
- *Tre gonger i året diskuterer viktige føresetnader for å styrka nynorsk skriftkultur*
- *Vert samla til ein perspektivdag i Ørsta kvart år, til felles kunnskapsauke og debatt om viktige emne for nynorsk skriftkultur.*

Forumet er administrert av direktøren i Nynorsk kultursentrum, som også representerer forumet ved høyringar i Stortinget (til dømes kvart år under handsaminga av kulturbudsjettet), møte med departementet osv.

² https://www.aasentunet.no/iaa/no/om_oss/nynorskno/



Figur 2 Interessentar

Forstudie 10. mars 2019

Regionalt

Regionalt er det på bakgrunn av FT-sak 21/12 organisert «Nynorskfylket» - eit forum for regionale språkutfordringar. Det er m.a. gjennomført fleire språkkonferansar. Firda, Nynorsk Mediesenter, Nynorsk Avissenter og Sogn og Fjordane teater er alle med her.

Dei andre deltakarane er:

- *Høgskulen*
- *KS*
- *Lerum Fabrikker AS*
- *LO*
- *Nynorsk kultursentrum*
- *Nynorske litteraturdagar*
- *Mållaget*
- *Sparebanken Sogn og Fjordane*
- *Utdanningsforbundet*
- *Fylkeskommunen*
- *Fylkesmannen*
- *Landssamanslutninga for nynorskkommunar (LNK)*

For fylkeskommunen har arbeidet i og med «Nynorskfylket» styrka rolla i språkpolitikken, noko som m.a. kjem fram i arbeidet med regional plan for kultur.

Både Sogn og Fjordane fylkeskommune og Førde kommune er kåra som «Årets nynorskkommune»

6. Eigarskap og endringar

NRK eig lokala sine, medan Firda leiger. Teateret leiger av Førde kommune i Førdehuset. Det er ikkje venta særlege endringar i eigarskap eller organisering for NRK og Firda.

SoFt derimot kan stå framfor store endringar når det gjeld driftstilskot og eigarskap. Endringane er difor omtalt særskilt her.

SoFt

Sogn og Fjordane teater er i dag organisert som eit aksjeselskap. Sogn og Fjordane fylkeskommune eig 80 % og Førde kommune 20 % av aksjane.

Teateret er finansiert som ein region-/landsdelsinstitusjon av staten³, fylkeskommunen og kommunen - etter ei fastsett %-fordeling. Staten med 70 %, fylkeskommunen 22,5 % og vertskommunen 7,5 %.

Lokala i Førdehuset er frå midt på 90-talet. Teateret har leigekontrakt med Førde kommune som går fram til 2023. Lokala har mange kvalitetar, men dei avgrensar likevel teateret sine utviklingsmoglegheiter. Teateret melder om for liten plass og delvis ueigna lokale (m.a. utforminga av teatersalen). I diskusjonane rundt teateret er det mogeleg å sjå føre seg ei utviding av teateret sine lokale i Førdehuset, uavhengig av «Nynorskhuset». Det vil krevje monaleg ombygging og tilhøyrande auke i husleiga. Det er difor ikkje prioritert som alternativ av teateret.

Turneteater?

SoFt er i dag turneteater for Sogn og Fjordane. Dei har no som vedteken strategi og ambisjon å turnere dei 43 kommunane i det nye Vestland fylke.

Støtte frå eigarane

Sogn og Fjordane/Vestland fylkeskommunen

Som Sak 53/18 «Etablering av "Nynorskhus" i Sogn og Fjordane søknad om auka driftsstønad frå Sogn og Fjordaneteater gjorde fylkestinget slikt:

VEDTAK:

- 1. Fylkestinget sluttar seg til at Sogn og Fjordane teater deltek i vidare plan- og utgreiingsarbeid for å realisere eit «Nynorskhus» i Førde.*
- 2. Fylkestinget har ikkje innvendingar til at Sogn og Fjordane teater inngår intensjonsavtale om leige i det framtidige «Nynorskhuset», jf. føreliggjande søknad frå teateret. Fylkestinget føreset at også Førde kommune, som medeigar i teateret, sluttar seg til dette.*
- 3. Fylkestinget legg vidare til grunn at også staten, når så langt kjem, tek del i den endelege driftsfinansieringa av teateret, jf. gjeldande fordelingsnøkkel.*
- 4. Fylkestinget legg til grunn at ein kjem tilbake til den delen av søknaden som gjeld utvida turneaktivitet ved teateret.*
- 5. Fylkesutvalet får fullmakt til å ta nærare stilling til fylkeskommunen si rolle i det vidare arbeidet med å realisere «Nynorskhus» i Førde.*

I saksutgreiinga seier fylkesrådmannen følgjande:

³ Under Kulturdepartementet sitt budsjett Kap. 323 post 71 Region-/landsdelsinstitusjonar

Forstudie 10. mars 2019

«Fylkesrådmannen ser at det ligg føre behov som må løysast dei næraste åra. Eit eige «Nynorsk-hus» basert på regionale (og lokale) media- og kulturaktørar er spanande, og innovativt; ei ny-skaping i landet. Ut frå dette vil det vere lett å tilrå ei slik satsing. Fylkesrådmannen vil likevel legge til at også den andre eigaren, Førde kommune, i så fall må sjå på dette som den føretrekte løysinga. Og der vil vere nokre utfordringar som må løysast.

Skulle plassering i «Nynorskhuset» ikkje vere mogleg å få til, må kommunen som huseigar ta stilling til om og korleis dei kan løyse utfordringane teateret har i Førdehuset.»

Førde/Sunnfjord kommune

Det er venta at nye Sunnfjord kommune vil halde fram med å ta ansvar for den kommunale delen av driftsfinansieringa. Fellesnemnda handsama søknaden før den gjekk til Førde bystyre. I bystyret vart det gjort slikt vedtak:


«Førde kommune støttar arbeidet til Sogn og Fjordane teater med å bli ein del av eit kombinert medie- og teaterhus i Førde – Nynorskhuset – saman med NRK, NRK Nynorsk Mediesenter, Firda, Nynorsk avissenter samt etablere eit monaleg større turneteater i den nye regionen.

Førdehuset er eit viktig kulturmøtepunkt i Førde med eit stort mangfald av aktivitetar. Vi ønskjer å utvikle Førdehuset vidare.

Dersom teateret flyttar ut av Førdehuset, startar Førde kommune eit arbeid med målsetting om å få etablert nye kulturaktivitetar.»

Regionreforma

Både eigarform og driftsfinansiering vert påverka av den pågåande region- og kommunereforma. Frå 1.januar 2020 vil eigarar vere Vestland fylkeskommune og Sunnfjord kommune. Det er framleis ikkje klart om 70 % tilskotet som i dag kjem frå Kulturdepartementet, skal over til Vestland fylkeskommune.



Stortinget tok ikkje stilling til dette spørsmålet i samband med oppgaveoverføringa⁴ i proposisjonen om «Ny inndeling av regionalt nivå», men utsette avgjerda til handsaminga av Kulturmeldinga våren 2019. Ein pussig detalj den gongen var at Kulturdepartementet ville overføre ansvaret for finansieringa av Hordaland teater, men ikkje SoFt til regionalt nivå!

Hagen-utvalet (Ekspertutvalet)

Utvalet meiner finansieringsansvaret for alle institusjonar innanfor Kap. 323 post 71 Region-/landsdelsinstitusjonar på Kulturdepartementet sitt budsjett vert overført til fylkeskommunane.

Meldinga vert handsama i Stortinget våren 2019. Det er venta at komiteen vil kome med si tilråding 7. mai og at saka vert debattert i plenum 15. mai 2019.

Staten ev. Vestland fylkeskommune

Om ikkje løyvinga frå staten vert ført over til Vestland fylkeskommune vil det vere krevjande å få avklaring om staten vil bidra med auka tilskot til teateret frå 2022 for både utvida/nye lokale, og utvida turneaktivitet.

Det vil i så fall bety at eigarane må ta stilling til husleige og eigarskap utan å vite kva staten vil bidra med. Eigarane må såleis ta avgjerd i ein periode med mange endringar og stor usikkerheit.

Figur 3 Kulturmeldinga

Dei to eigarane av SoFt må vere budd på nytt husleigenivå frå og med budsjettåret 2022. Teateret må alt no godkjenne framdrifta og forplikte seg til å ta stilling til auka driftstilskot før kontrakten med utbyggjar vert signert.

⁴ Prop 84 S (2016-2017) pkt. 10.4 Kulturområdet og Prop 128 S (2016-2017) pkt. 10.3.1

Forstudie 10. mars 2019

Nøkkeltal: NRK SFj

Tilsette:

NRK Sogn og Fjordane 35 tilsette.

NRK Nynorsk mediesenter 3 tilsette og 10 praktikantar i året.

Lokalisert i Førde, med lokalkontor i Sogndal og Nordfjordeid.

Nynorsk:

NRK Nynorsk mediesenter i samarbeid med NRK Sogn og Fjordane, lærer opp 10 nynorskpraktikantar per år, og har til no lært opp 145 praktikantar der om lag 57 % arbeider i media.

NRK Nynorsk mediesenter/ NRK Sogn og Fjordane tilbyr kurs i nynorsk internt i NRK, og har hatt 140 journalistar rundt om i landet på kurs.

NRK Sogn og Fjordane stod i 2017 for om lag 40 % av nynorskartiklane som vart publisert på nrk.no

Nett og mobbinga

Publiserte 1957 artiklar i 2018

Hadde ein trafikk på 36,8 millionar sidevisningar i 2018

Hadde i snitt 86.885 daglege unike brukarar på nett

Klart mest sidevisningar i høve innbyggartal av distriktskontora i NRK.

SOME:

32.000 følgjarar på Facebook. 11.000 følgjarar på Instagram

Radio:

Sender 6 timar direktesendt radio kvar dag. Hadde 36,5 % dagleg dekning i 2018, og er med det det distriktskontoret som har høgast dagleg dekning.

TV:

Har samarbeidd om NRK Vestlandsrevyen i lag med NRK Hordaland sidan 1992. Har om lag 100 000 sjåarar i løpet av ein kveld fordelt på tre sendingar.

Dokumentarproduksjon:

Produserer «Der Ingen skulle tru at nokon kunne bu» med 7 episodar kvar sesong og nynorsk barne-tv med kjende merkevarer som «Klart eg kan» – her er det til saman laga over 100 episodar.

Produserer i snitt to frittståande dokumentarar for NRK1 per år.

Nøkkeltal: Firda

Opplagstal (1. halvår 2018): 11.375

Lesartal (samla for papir, eAvis, desktop og mobil): 37.900 lesarar dagleg

Dekning:

Firda dekkjer hovudsakleg kommunane Førde, Jølster, Gaular, Naustdal, Fjaler, Askvoll, Hyllestad, Høyanger, Gloppen og Flora.

Firda har om lag 30 årsverk og omsette for 65 millionar kroner i 2017.

Firda driv Nynorsk Avissenter

Nøkkeltal: SoFt

Tal titlar som er spelt: 20

Kyrkjjer (med Maria Magdalena): 10 ulike kyrkjjer

«Eventyrrommet»:

Titlar: 9 titlar, av desse 5 eigenproduserte.

Framsyingar: 31 framsyingar, av desse 22 på eigenproduksjon.

Publikum: 1037, av desse 788 eigenproduserte.

Produksjonar i 2018 (eigenprodusert, gjestespel, samarbeid):

Kommunar: 35

Speleplassar: 64

Framsyingar: 238 kunstnariske framsyingar, 47 formidlings-arrangement

Framsyingar i Førde: 86

Publikum i Førde: 4097 - dvs. 36 % av innbyggjartalet i Førde.

Framsyinga som selde best:

«Eg er i Går»

Totalt publikumstal for 2018:

18 032

7. Vurdering i konseptvalet

Partane har vitja Media City Bergen for å få inspirasjon og innspel til organisering, prosess mm.



Figur 4 Media City Bergen (MCB)

Konseptet i MCB er separate leigeavtaler med utbyggjar. Anskaffinga vart gjennomført som konkurranse med tingingar.

Erfaringane er på mange vis gode, men det har synt seg at bruk av fellesareal er mykje mindre enn planlagt, t.d. vert felles konferansesenter lite nytta.

Det er og avgrensa kor mykje samarbeid og felles nyskaping som vart løyst ut. Bergensavisa (BA) har no varsla at dei seier opp avtalen og flytter ut.

Mykje av vinsten ved samlokaliseringa skjer gjennom NCE⁵ Media-klynga som delvis er finansiert av Innovasjon Noreg. Her er opna for tilknytning frå Førde-klynga etter kvart.

Ein tilsvarande Arena- eller NCE-løysing for nynorsk media og kulturverksemder er drøfta med Innovasjon Noreg utan at det, med dei aktuelle partane, verkar å vere realistisk. Ei tilknytning frå dei partane som ynskjer det til NCE Media i Bergen er difor truleg rett.

Kva konsept er relevante?

Sentrumsnært

Det er eit krav at samlokaliseringa må skje sentrumsnært i Førde. Her er det avgrensa areal. Det er potensielle utbyggjarar som sit på, eller har avtale om dei mest aktuelle tomtene.

Nye partar

Samla vert det av partane etterspurt meir enn 3 700 m² netto. I tillegg er det ynskje om at fleire verksemder skal kunne slutte seg til miljøet etterkvart. Partane er lite villige til å ta på seg ansvaret med å leige og så framleige slikt tilleggsareal.

Risikoen vert difor lagt til utbyggjaren.

Ulik leigetid

Det er dessutan slik at partane har ulike ynskjemål når det gjeld leige, eige og kombinasjonar. Det kan vere ulike ynskje om leigetid med opsjonar og ynskje om tenestenivå (straum, reinhald, vaktmeister mv.).

⁵ Norwegian Centre of Excellence

Forstudie 10. mars 2019

Alternative, forkasta konsept

Eiga juridisk eining

Styringsgruppa har ved fleire høve drøfta dette utan å konkludere. Ynskjemåla er såpass ulike at det ikkje er realistisk å skipe ei felles juridisk eining som leigetakar.

Bygge sjølv

Det er drøfta om fylkeskommunen, som medeigar i SoFt, vil kunne stå for og finansiere bygginga. Det har ikkje ført fram.

NRK rår over si tomt. Det er ikkje vurdert om den er aktuell eller stor nok.

Bygge om

Fylkeskommunen har vedteke å samle dei vidaregåande skulene i Førde til Øyrane. Hafstad vgs. har difor vore drøfta som eit alternativ. Det er avklart at den ikkje er særleg tenleg.

Tilrådd konsept

Drøfting med partane syner at det er størst interesse for eit konsept der partane teiknar separate kontraktar med utbyggjar på eigne areal og ev. del av fellesareal.

Grunngjeving for konseptvalet

Det vil då gjennom felles og eigen kravspesifikasjon og etterfølgande konkurranse med tingingar vere mogeleg å oppnå stor grad av fleksibilitet og tilpassing. Føresetnaden er sjølvstøtt at partane er samde om val av utbyggjar og at kontraktane vert samla og signert på eit felles tidspunkt.

Partane teiknar separate kontraktar med utbyggjar på eigne areal og ev. deling av fellesareal.

Utbyggjar må ta risikoen med å legge til rette for nye leigetakarar i klynga.

Partane må dessutan vere merksame på at eit slikt konsept flytter mykje av risikoen frå partane til utbyggjar. Det kan få følgjer for pris, framdrift, løysing mv. Samstundes misser partane høve til å bestemme kva for nokre andre leigetakarar og tenester som kjem inn i bygget.

Det kan difor vere fornuftig no når forprosjektet ligg føre å gå ny runde med potensielle leigetakarar med nynorsk som felles identitet.

Styringsgruppa og prosjektleiaren presenterer forprosjektet for potensielle leigetakarar med nynorsk som felles identitet.


Styringsgruppa får fullmakt til å inkludere nye partar i samarbeidet.

8. Felles organisering?

Organiseringa av fellesskapen er viktig. Det handlar særleg om ansvar og risiko. Aktørane har i dag ikkje felles organisering t.d. i form av juridisk eining med m.a. organisasjonsnummer, felles økonomiske ressursar mm.

Organisasjonsplan

Prosjektet er organisert slik:



Figur 5
Organisering

No-situasjonen

Firda har til no teke ansvar for å forvalte felles økonomi, som tilskot frå Sunnfjord næringsutvikling, fylkeskommunen og kommunen. Teateret v/styreleiaren har fått aksept for å signere avtaler på vegner av fellesskapen. Til no har det synt seg å vere ei grei løysing. Det har vore mindre beløp, minimalt med ansvar og risiko og såleis få konflikhtar.

Mellombels løysing

Etter kvart som prosjektet no utviklar seg, vil denne forma for organisering bli krevjande for den eller dei av partane som tek på seg ansvaret for fellesskapen. Det er difor ikkje realistisk som permanent løysing, men kan truleg fungere fram til signering av kontrakt.

Valet av Firda i denne rolla er delvis grunngjeve i verksemda sin storleik og sjølvstendige rolle i Amedia-konsernet og delvis i mva-posisjonen.

*Firda tek på seg å vere ansvarleg juridisk eining fram til kontrakt med utbyggjar er signert, ev. mot ei mindre godtgjering frå dei andre partane.
Det vert teikna samarbeidsavtale for å fordele risiko og ansvar så snart Firda ber om det.*

Roller

Det er slik rollefordeling:

Tabell 2 Roller⁶

Rolle	Eigarskap	Organisasjon	Hovudansvarsområde
Prosjekteigar	A	NRK SFj, Firda, SoFt, Rein Design	Pådrivar Deltek i styringsgruppa
Sentrale aktørar	B	Sogn og Fjordane fylkeskommune	Medeigar i SoFt Vertsfylke Ressurs
		Førde kommune	Medeigar i SoFt Vertskommune Ressurs
	C	Amedia NRK Region Vest	
Finansiering	B	Prosjekteigarane Fylkeskommunen Sunnfjord næringsutvikling Førde kommune	Deltek i finansieringa
Oppdragsgjevar		Styringsgruppa	Administrasjon Styring
Prosjektleiar Arkitekt Felles konsulent		Vidsyn rådgivning as Arkitektkontoret 4b Førebels ikkje fastsett	Forstudie og prosess fram til kontrakt Funksjons- og romprogram Innkjøpsfagleg/byggteknisk kompetanse

⁶ A-eigar: Hovudinteresse i prosjektet med monalege ressursar og som stiller store krav til gjennomføring og resultat

B-eigar: Interesse i prosjektet og deltar med ressursar og forventar resultat

C-eigar: Tek del i prosjektet med moralsk støtte. Stiller ikkje krav i prosjektet

9. Rammevilkår

Rettslege reguleringar

Alle verksemdene i klynga er sjølvstendige juridiske einingar. Blandinga av private og offentlege verksemdar gjer at dei har ulik lovheimel og ulik rettsleg regulering. T.d. har dei ulik status når det gjeld meirverdiavgift. Firda, NRK og Rein Design har full avgift og høve til å trekke ifrå inngåande avgift, medan t.d. SoFt sin aktivitet ikkje ligg innafør mva-området i det heile.

SoFt

Teateret er organisert som eit aksjeselskap. Det er offentlig heileigd og difor eit offentligrettsleg organ. Kriteria⁷ er at det er ikkje-kommersiell verksemd og finansiert eller kontrollert av det offentlege.

Det får følgjer m.a. for arkivlova, innkjøp, likestilling, kva som vert offentlege dokument mm.

NRK

Norsk Rikskringkasting AS er ein statleg eigd allmennkringkastar, med eige styre og med kulturministeren som generalforsamling. Det er òg eit offentligrettsleg organ, med nesten tilsvarende følgjer som teateret.

NRK har m.a. spesifikt unntak for offentliglova jf. § 1 bokstav j) i føresegna, for dokument hos NRK AS som er knytte til redaksjons- og programverksemda i selskapet. Av det følgjer at all annan aktivitet i verksemda må følgje lova, om det ikkje er heimla unntak.

Firda

Firda media as er eit aksjeselskap i Amedia-gruppa⁸, med Amedia-stiftinga som øvste eigar. Dei driv medieverksemd, som å gi ut avisa Firda på ulike innhaldsplattformer, trykkeri-verksemd og det som står i samband med dette.

Dei er ikkje eit offentligrettsleg organ og såleis ikkje underlagt dei same rettslege reguleringane som dei to andre.

Rein Design as

Er eit privat selskap.

Utfordringa

Denne ulikskapen i rettsleg regulering kan gi utfordringar i det vidare arbeidet. Dei offentlig-rettslege organa har meir krevjande og transparente prosessar. Det kan påverke framdrift, prosesskostnader m.m. Eit nærliggjande døme er formalia i samband med anskaffing.

⁷ Kontrollkriteriet er at:

- a) Verksemda i hovudsak er finansiert av det offentlege, eller
- b) Verksemda er kontrollert av det offentlege, eller
- c) Det offentlege nemner opp meir enn halvparten av medlemmene i dei styrande organa

⁸ Amedia har sitt utspring i arbeidarprensa. Selskapet sitt føremål er å eige og utvikle medieselskap og liknande verksemdar

10. Bindingar og føresetnader

Bindingar

Så langt er det berre intensjonsavtalen som regulerer samarbeidet. Den kan seiast opp med varsel på tre månader. Dersom ein av partane ikkje blir med eller først kan kome til seinare, tek likevel dei andre sikte på å få realisert bygget, dersom dei ser dette som tenleg. Det er lagt ned tingingsforbod om tilsvarande leigeavtaler så lenge intensjonsavtalen gjeld.

Føresetnader for ei vellukka gjennomføring

Det vil i fyrste rekke vere evne og vilje til å tilpasse seg ei felles løysing som vert utfordringa. I eit så kompleks prosjekt som dette må partane vere budde på at det oppstår usemje undervegs. Kritiske punkt er t.d. val av utbyggjar.

Styring, organisering og ansvarsforhold

Intensjonsavtalen fastset at det skal utviklast ei eige avtale mellom partane når det er forhandla fram ei endeleg avtale med utleigar. Det er mykje som tyder på at dette bør gjerast allereie i samband med prekvalifiseringa (AP2) eller arbeidet med felles kravspesifikasjon (AP3).

Tilgang til ressursar/kompetanse

Det er semje mellom partane om å delta aktivt i utviklinga og gjennomføringa av prosjektet gjennom å delta i prosjekt- og referansegrupper og dekke eigne kostnader i prosjektet. Kostnader knytte til prosjektleiing og utarbeiding av felles kravspesifikasjon og førespurnad om tilbod skal fordelast mellom aktørane etter forventa leigebetal. Romprogrammet syner at fordelinga førebels vert:

Tabell 3 Romprogram og fordeling av kostnader

Part	M ² Netto	% fordeling etter romprogram
Firda	524-574	19⁹
SoFt	1 700	57
Rein Design	75	2
NRK	657	22
Fellesareal	700	Vert fordelt med same %

Kostnad knytt til utarbeiding av spesiell kravspesifikasjon til kvar enkelt leigetakar skal ikkje belastast fellesskapen. Det bør likevel vere høve til å nytte felles konsulent og/eller prosjektleiar i dette arbeidet, men då etter rekning.

Informasjonsflyt

Det er i intensjonsavtalen fastsett at informasjonen om prosjektet til vanleg skal gå gjennom prosjektleiar. Prosjektet har no eiga nettside og har laga brosjyre med skisseprosjekta.

⁹ Her er nytta høgste m², dvs. 300 m² i landskapet jf. programmet

11. Anskaffingsstrategi

Styringsgruppa har bedt om at til dømes kriteria og andre vilkår for konkurransen fastlagt og om Lov om offentlege kjøp skal nyttast.

For Firda og Rein Design as sin del vil avtaler om leige eller kjøp av lokale i «Nynorskhuset» bli rekna som avtaler som er unnatekne frå regelverket om offentlege anskaffingar. Dei treng difor ikkje følgje krava i regelverket om konkurranse, utlysing osv. For NRK er situasjonen noko meir uklar.

Lov om offentlege kjøp

For teateret sin del, gjeld at krav om teatersal og andre spesialrom/løysingar gjer at dette fort kan bli eit spørsmål om ein bygge- og anleggskontrakt, som må tilpassast regelverket om offentlege anskaffingar.

Føresegna om offentlege anskaffingar (FOA)

Føresegna¹⁰ gjeld alle kjøp av varer, tenester og bygge- og anleggsarbeid, uavhengig av verdien på anskaffinga og om kontrakten gjeld kjøp, leige eller leige med seinare kjøp.

FOA § 1-3 andre ledd inneheld nokre unnatak, m.a. kontraktar om erverv eller leige av eksisterande bygningar eller anna fast eigendom, eller om rettar til slik eigendom, jf. FOA § 1-3 andre ledd bokstav b. Det er ikkje avgjerande om bygget er reist eller vil bli reist som følgje av ev. kontraktar. Grad av spesialtilpassing til oppdragsgjevar sine behov kan likevel tale for at det er eit bygge- og anleggsarbeid.

Når offentlege oppdragsgjevarar får så stor grad av påverknad på arbeidet med bygget, trekker dette i retning av at vi står overfor ein bygge- og anleggskontrakt som ikkje er omfatta av unntaket i FOA § 1-3 (2) b.

Då gjeld føresegna. Spørsmålet blir då kva for ein del av føresegna¹¹ som skal nyttast. Det er fastsett i § 5-1. at del I i FOA gjeld uansett. Valet står elles mellom del II med grense på 1,3 MNOK og del III med grense på 53 MNOK eks. mva.

Grenseverdiar

Korleis grenseverdien vert fastsett, går fram av FOA § 5-4. Det er her ikkje lov å tilpasse seg regelverket ved t.d. å dele opp kontraktar. I (10) går det fram at ved kontraktar om leigefinansiering, leige eller avbetalingskjøp av varer gjeld følgjande::

«b) for tidsbegrensede kontrakter med varighet over 12 måneder skal verdien beregnes på grunnlag av kontraktens samlede verdi, inkludert anslått restverdi»

Styringsgruppa har ved fleire høve drøfta desse dilemma og har førebels konkludert med at det her er aktuelt å nytte prekvalifisering med etterfølgjande konkurranse med tingingar.

¹⁰ Forskrift om offentlege anskaffingar av 12. august 2016 nr. 974 (FOA)

¹¹ <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2016-08-12-974?q=offentlige%20anskaffelser>

Forstudie 10. mars 2019

Med det tilbudet som no ligg føre frå fylkeskommunen om å hjelpe til med anskaffing av felles konsulent som rådgjevar, er det naturleg å vente med å ta stilling til om alle i prekvalifiseringa og sjølve konkurransen skal følgje regelverket eller om det er tilstrekkeleg at SoFt og ev. NRK gjer det.

SoFt si anskaffing skal følgje Lov om offentleg kjøp. Dei andre partane tek stilling til det formelle rundt deira anskaffing når det det ligg føre tilråding frå felles konsulent.

Klage

Både prekvalifiseringa og det endelege valet kan bli melde til KOFA¹², Klagenemndsekretariatet for offentlege anskaffingar. Det er sannsynleg at SoFt si anskaffing vil bli handsama om det kjem klage. For NRK er dette meir usikkert. Klage på Firda eller Rein Design sitt kjøp vil bli avvist.

Konkurrans og prosedyre

Det vil her vere mogeleg å velje mellom¹³

- *Open tilbodskonkurrans*
- *Avgrensa tilbodskonkurrans*

Med dei skissene partane har henta inn og tilfanget av sentrumsnære tomter i Førde er det naturleg å velje ein avgrensa tilbodskonkurrans som strategi.

Dei tilgjengelege prosedyrevala er:

- *Konkurrans med tingingar*
- *Konkurransprega dialog.*
- *Konkurrans om innovasjonspartnarskap*

Styringsgruppa har drøfta strategien og meiner ein avgrensa tilbodskonkurrans med tingingar er mest naturleg.

*Partane er samde om å gjennomføre ein avgrensa tilbodskonkurrans mellom dei fem som har levert skisseprosjekt.
Anskaffinga skal skje som konkurranse med tingingar (med prekvalifisering).*

¹² <https://www.klagenemndssekretariatet.no/klagenemnda-for-offentlige-anskaffelser-kofa>

¹³ Mykje av informasjonen her er henta frå DIFI sine sider <http://anskaffelser.no>

Konkurranse med tingingar

Vilkåra er ikkje strenge. Det er ein aktuell prosedyre når fleire partar har eit reelt behov for å tinge om løysingar som krev tilpassingar eller er komplekse, t.d. med innovative element.. Det er ikkje vanleg å nytte denne prosedyren når det er ein part som skal kjøpe ei standard løysing.

12. Skisse til overordna prosjektplan

Styringsgruppa har bedt om plan for å gjennomføre utlysning, konkurranse, evaluering og innstilling. I tillegg er det ynskje om framdriftsplan/tidsplan og ei tilråding til vidare arbeid/prosess.

Prosjektet er delt i 6 arbeidspakker/leveransar (AP 1-6). Fylkeskommunen har teke på seg å gjennomføre fyrste AP gratis.

Tabell 4 Fasar og leveransar

Fase	Tidsrom (frå-til)	Leveransar i fasen	Kr. (stipulert)
AP1 – Engasjere felles konsulent	2.4.19 -	Kravspesifikasjon	Fylkeskommunen
		Utlysning	
AP2 – Prekvalifisering	Sommar 2019	Kriterium	50 000
		Utlysning	
AP3 – Felles kravspesifikasjon	Haust 2019	Kravspesifikasjon	200 000
		Utlysning	
AP4 – Ev. separat kravspesifikasjon	Haust 2019	Kravspesifikasjon	Partane kvar for seg
		Utlysning parallelt med AP 3	
AP5 – Konkurranse med tingingar	Vinter 2019	Tilbod	150 000
		Val av utbyggjar	
AP6 - Kontrakt	Vår 2020	Tingingar	75 000
		Kontrakt	


Kostnader og fordeling

Kostnadane er særstipulerte. Samla utgjer det nesten 0,5 MNOK. Etter intensjonsavtalen vert dette fordelt i samsvar med stipulert tal m². Partane må forplikte seg til denne ramma før prosessen startar. Under føresetnad av at kr 475 000 held, vil fordelinga bli om lag slik:

Tabell 5 Fordeling av kostnader

Part	%	Kr
Firda	19 %	90 000
SoFt	57 %	275 000
Rein Design	2 %	10 000
NRK	22 %	100 000

Skissa under syner prosessen, kostnadsfordelinga og kven som tek avgjer i dei ulike fasane.



Figur 6 Prosess fram til kontrakt

Første fase – Engasjere felles konsulent (AP1)

Å starte prosessen med dette grepet vil styrke kompetansen i prosjektet monaleg. Det gjeld særleg innan:

- *Innkjøp*
- *Bygg- og anlegg*

Forstudie 10. mars 2019

Det vil vere ynskjeleg at konsulenten kan:

- *Rådge i høve anskaffing slik som verdivurdering, behovsspesifikasjon, steg i anskaffingsprosessen, kontrakt mm.*
- *Handtere prekvalifiseringa (AP2)*
- *Utarbeide konkurransegrunnlag, kontrakt mm, utarbeide/kvalitetskontrollere kravspesifikasjon felles og for kvar av partane (AP3 og AP5)*
- *Delta i tingingane, i val av leverandør og kvalitetssikring av kontrakt (AP5-6)*
- *Delta i utlysing, mottak av tilbod, evaluering av tilbod, innstilling, innsyn og eventuell klagehandsaming, både i prekvalifiseringa og i sjølve konkurransen*

Andre fase – Prekvalifisering (AP2)

Ein konkurranse med tingingar har to trinn; prekvalifisering og tingingar. Berre dei som tilfredsstillar kvalifikasjonskrava vil bli inviterte til å levere tilbod. Tal tilbydarar skal sikre reell konkurranse og kan ikkje vere mindre enn tre. Valet skal skje etter objektive, ikkje-diskriminerande kriterium.

I denne fasen kan vi stille krav for å sikre tilstrekkeleg kompetanse, kapasitet og økonomi til å gjennomføre kontraktspliktene.

Døme på slike krav kan vere:

- *Skatteattest*
- *Økonomisk kapasitet*
- *Tekniske og faglege kvalifikasjonar*
- *Kvalitet- og miljøleingsystem*
- *Sosiale og etiske krav*
- *Eigedomstilhøve*
- *Regulering*
- *Høve til å eige ev. leige med seinare kjøp*

Om det er fleire leverandørar som vil fylle kvalifikasjonskrava enn det talet vi ynskjer å ha med vidare i konkurransen, må vi nytte desse objektive, føreseielege og kjente utveljingskriteria til å skilje ut kven av dei kvalifiserte leverandørane som får høve til å vere med vidare.

Eit utveljingskriterium blir formulert på same måten som eit tildelingskriterium. Spørsmålet er ikkje om kriteriet er oppfylt eller ikkje, men i kva grad leverandørane oppfyller kriteriet. Vi må så velje den som best oppfyller kriteria.

Regelverket stiller berre krav til at valet skal skje på ein objektiv måte.

Felles kravspesifikasjon (AP3)

Ein felles kravspesifikasjon er naudsynt som del av konkurransegrunnlaget. Den må partane vere samde om. Detaljgraden er viktig. Ein del av arbeidet er alt gjort i samband med funksjons- og romprogrammet.

Kriterium og vekting

I denne fasen må partane bli samde om det skal leggjast vekt på andre kriterium enn pris. Døme her kan vere:

- *Sentrumsnært*
- *Miljø/nøytralbygg*
- *Plass til fleire nynorskverksemdar*
- *Mm*

Kriteria må få vektning og inn i konkurransegrunnlaget. I tingingane må dette ligge til grunn og vere transparent. Det er ikkje råd å endre kriteria eller vekt undervegs.

Leige/eige

I denne fasen må partane avklare om dei vil leige, eige eller leige og så seinare eige. Leigetida må og gå fram av konkurransegrunnlaget. Det er slik at kort leigetid vil gi dyrare husleige. I førespurnaden skal det t.d. vere ei opning for at fylkeskommunen og Førde kommune eventuelt kan kjøpe ein eigen seksjon i bygget som dei kan stille til disposisjon for teateret.

Separat kravspesifikasjon (AP4)

Særleg teateret, men og NRK vil ha behov for å lage eigne kravspesifikasjonar i tillegg. Prinsippet er at desse vil vere underordna den felles spesifikasjonen. Desse må difor vere på plass før tingingane startar. Her vil teateret t.d. trenge romakustikar og teaterteknisk konsulent, som dei må dekke sjølve.

Konkurranse med tingingar (AP5)

Det er mogeleg å gjennomføre tingingane i fleire fasar eller trinn ved å redusere tal tilbydarar. Det må i så fall skje på grunnlag av tildelingskriteria og vi må opplyse om dette i konkurransegrunnlaget. I den siste fasen må det stå att nok leverandørar til å sikre reell konkurranse.

Før tingingane vert avslutta, må vi sette ein felles frist for endeleg tilbod. Etter den fristen er det ikkje lenger høve til å tinge.

Føremålet med tingingane er ikkje semje, men å få fram best moglege tilbod. Det er høve til å tinge om endringar eller suppleringar av alle sider ved tilboda, så som forretningsmessige vilkår, pris og tekniske spesifikasjonar. Det er ikkje høve til å tinge om:

- *Vesentlege avvik*
- *Vesentlege endringar*
- *Absolutte minstekrav*

Likebehandling

Alle leverandørane skal få same tilbod om måten å gjennomføre møta på, og dei skal ha tilgang til same informasjonen til lik tid.

Vi har teieplikt om innhaldet i tilboda.

Framdrift/tidsplan

Styringsgruppa har bede om framdriftsplan/tidsplan.

Som det går fram av risikoanalysen, er det fleire ting som kan endre eller forseinke prosjektet. Dersom det er semje om kvart av stega, og ev. regulering ikkje tek for lang tid, bør det vere mogeleg å flytte inn i nynorskhuset ved årsskiftet 2021-22.

Tabell 6 Forenkla Gantt-diagram med framdrift og ressursar

Aktivitet	Tidsplan (kvartal)												Ressursbruk
	2 019				2020				2021				Kr
	1	2	3	4	1	2	3	4	1	2	3	4	
AP1 – Engasjere felles konsulent		■											Fylkeskommunen
AP2 – Prekvalifisering			■										50 000
AP3 – Felles kravspesifikasjon			■	■									200 000
AP4 – Ev. separat kravspesifikasjon			■	■									Kvar av partane
AP5 – Konkurrans med tingingar					■								150 000
AP6 – Kontrakt						■							75 000
Bygging									■	■	■	■	?

Strategi for gjennomføring


Slik prosjektet no er organisert, vert det eit krav at partane er samde før overgang til neste fase/AP.

Partane godkjenner budsjett, prosess og fasane (AP1-6) fram til signering av kontrakt. Føresetnaden er at partane sine rette organ får høve til å godkjenne prekvalifiseringa (AP2), felles kravspesifikasjon (AP3), val av leverandør og kontrakt (AP6). Styringsgruppa får fullmakt til å velje felles konsulent (AP1) og stå for konkurranse med tingingar (AP5). Ev. separat kravspesifikasjon (AP4) vert fastsett og betalt av den parten som ynskjer å nytte seg av denne løysinga.

13. Skisseprosjekta

Utover i 2017 byrja ulike utbyggjarar å ta kontakt, og våren 2018 leverte fem aktørar skisser på korleis eit nynorskhus kan sjå ut. Dei har via arkitektar og for eiga rekning utforma førebelse og uforpliktande eksteriørskisser.

Alle er seriøse, solide og velrenommerte utbyggjarar i området. Dette viser at det er stort engasjement og interesse for å reise Nynorskhuset i Førde.



Figur 7 Skisseprosjekta og plassering

Plasseringa i Førde går fram av kartskissa over. Dei ulike prosjekta er meir utfyllande omtalte i brosjyren og på nettsida til prosjektet <http://nynorskhuset.no>. Det er gjennomført fleire møte med dei aktuelle utbyggjarane, seinast i februar 2019.

Tabell 7 Potensielle utbyggjarar

Forstudie 10. mars 2019

Namn	Tilbydar	Arkitekt	Eigedomstilhøve	Regulering	Merknad
Nynorskens Skog	Fjordane Holding as, O. Drage AS, Fjordvekst as, Xform Eiendom as	Xform Eiendom as	Avtale med Førde kommune som grunneigar	I dialog med kommunen. Kan skje raskt	Kjøp av grunn ikkje handsama politisk
Fokusgården	Fokusgården utvikling as	Arkitektgruppen CUBUS	Eigar	I gang	
Elvekanten	Tober Invest as	SALT Arkitekter	Eigar/ev. feste av nabotomta	Under handsaming	Ferdig prosjektert bygg, med ev. tillegg for teateret
Firda-kvartalet	Handelshuset as og Firda Billag as	Mestres Wåge arkitekter/ Arild Wåge	Eigar/festar	Regulering av nabotomta i gang.	Utviding av regulerings-areal enkelt
Øyrane 3b	Førdegården as	Xform as	Eigar	Indre Øyrane reguleringsplan - vedtak ila mars.	

I prekvalifiseringsprosessen er det naturleg å gå djupare inn i både eigedomstilhøve og regulering og dessutan få meir kunnskap om t.d. finansiell og økonomisk styrke, profesjonalitet som utleigar, sosiale og etiske spørsmål mm.

14.Funksjons- og romprogram

Styringsgruppa har bedt om ei kort oppsummering av areal i rom- og funksjonsprogrammet. Programmet er laga av Arkitektkontoret 4b v/Guri Fonsdal.

Kvar av leigetakarane har i utgangspunktet sett opp sitt eige romprogramynskje. Desse areala vart samla i eit felles dokument og oversendt den einsskilde leigetakaren.

Dei vart spurde om kva dei såg føre seg kunne vere fellesareal/synergi i bruk. Det har vore eitt eige møte med teateret og deira teatertechniske konsulent og eitt fellesmøte med Firda, SoFt og NRK.

Leigetakarane seier det kan verte mindre justeringar i dette romprogrammet etter prekvalifiseringa.

Tabell 8 Rom- og funksjonsprogram

Firda Media		36 årsverk			
Landskap	1	250-300 m ²	250-300 m ²		Ope landskap, utforma spesielt med fokus på støyreduksjon
Kontor leiing/prosjektrom	6	á 13m ²	78 m ²		Til bruk for leiinga og prosjektjobbing.
Stille rom, små	8	á 4 m ²	32 m ²		For telefonsamtalar/skjerming. Må ligge nær ope landskap for lett å kunne nyttast av alle
Stille rom, store	3	á 8 m ²	24 m ²		Til bruk for medarbeidarsamtalar 1/1 samtalar. Minimøterom og telefonrom/skjerming (plass til 2-3 personar)
Sosial sone m/kjøkkenbenk	1	á 35 m ²	35 m ²		Treffpunkt for samtalar, sosiale samlingar, møte og liknande. 2 oppvaskmaskiner, avtrekksvifte, kjøkkendisk med vask, overskap, kjøleskap
Møterom	1	á 15m ²	15 m ²		6-7 personar.
Nynorsk avissenter/prosjektrom	1	á 20 m ²	20 m ²		7-8 personar, Prosjektrom for nynorsk avissenter. Vert lagt nær inngang
Møterom personalrom /pauserom	1	á 30m ²	30 m ²		Til bruk ved større møte, allmøte/redaksjonsmøte. Kan leggst i tilknytning til kantine/foajé
Printerrom, makulering, scanning, ruter/switch	1	á 20 m ²	20 m ²		Ikkje behov for anna datarom.
Lager	1	á 20 m ²	20 m ²		Kontorrekvisita, papir, reklameartiklar. Fleksible hylleløyisingar
				524-574m2	

Forstudie 10. mars 2019

SoFt		30 årsverk			
<i>Grunnplanet</i>					
Teatersalen	1	300 personar	550 m ²		Teleskopamfi av høg kvalitet. Avansert sceneteknikk med om lag 25 scenetrekk, gangbruer, moderne infrastruktur for scene., lys- lyd og bildeutstyr (SLLB). Aktivt akustisk system (AAS).
Blackbox prøvesal/scene II	1	120 personar	230 m ²		Avansert sceneteknikk med om lag 20 scenetrekk, gangbar "gridd" eller tekniske bruer. Moderne infrastruktur for SLLB
Monteringshall/lager	1		100 m ²		I direkte nærleik til Teatersalen, Blackbox og innlastingsområde. Løpekatt.
Skodespelarfoajé m/kjøkken (også for "rekvisitten") og wc	1	15 personar	35 m ²		Må liggje i nærleik til begge scenerom, med lett tilgang til skodespelargarderobar.
Snikkarverkstad	1	3-4 personar	100 m ²		Arbeidsplass med mykje utstyr og verktøy.
Målarsal	1	3-4 personar	80 m ²		Mellom anna "lakkboks", punktavsug osv. To scenetrekk. Løpekatt
Smie	1	2 personar	60 m ²		Verkstad der det vil vere " varme arbeid". Løpekatt. Punktavsug
Lager, verkstad og kontor for teknisk personale	1	6 personar	100 m ²		Må vere nær scene.
Innlastingsområde	1		30 m ²		I direkte tilknytning til monteringshall. Overbygd innlastingsrampe.
<i>Kan vere på andre nivå</i>					
Skodespelargarderobar	2	2 personar	80 m ²		Skal ha 2 sminkeplassar i kvar garderobe. Må ha enkel tilgang til skodespelarfoajé og scener.
Sminkerom	1	4 personar	20 m ²		Arbeidsplass sminking/maskering/hårstell.
Systove	1	4 personar	70 m ²		4 arbeidsplassar med maskiner (inkl. ein kontorplass).
Vaskerom/våtrom/patinerings	1		30 m ²		Skal liggje tett på systova.
Rekvisittverkstad	1		30 m ²		Verkstad til rekvisitør (inkl. vask, komfyr og kjøleskap).
Administrasjon/kontorplassar	25	á 6 m ²	150 m ²		Det er behov for eit større kontor som har møtebord og 9 lukka cellekontor. (Dei kan vere små). Resten kan løysast i mindre landskap. Behov for kontorplass i direkte nærleik til varemottak og verkstader.
Print, kopi, arkiv, lager	1		15 m ²		Noko kan vere felles i Nynorskhuset
Møterom	2	á 10 m ²	20 m ²		2 mindre møterom med moglegheit for å slå dei saman.
				1 700 m²	

NRK		36 årsverk		
Kontorareal	1		360 m ²	Aktiv sone/nyhendedesk, administrasjonssone, konsentrasjon, prosjekt-arbeidsplassar og sparring. Prosjektsone for nynorsk mediesenter. Ev. ein møtekrok som er mogleg å stengje med glas/skyvedør for litt demping mot desken.
Redigering 1 nyheiter	1		8 m ²	Tett på nyheitsdesken
Redigering 2 riks	1		8 m ²	Til lengre redigering, riks/prosjekt mm.
Redigering 3	1		15 m ²	Til lengre redigering, riks/prosjekt mm.
Multi 1/møterom	1	6 personar	12 m ²	Bør liggje nær nyheitsdesken
Multi 2/møterom	1	4 personar	8 m ²	Bør liggje nær nyheitsdesken
Multi 3/møterom	1	4 personar	8 m ²	Sofagruppe og bord
Multi 4/møterom	1	6 personar	12 m ²	Usikker på behovet
Radiostudio	1		30 m ²	Sentralt, tett på nyheitsdesken, glasvegg og dør til redaksjonen, utsikt, helst sikt til inngangsparti.
Minikontroll (MK)	1		10 m ²	Eige rom til radiogjester og innlesing av kommentarar.
Beredskapslager	1		6 m ²	Oppbevaring av klede og sikkerheitsutstyr ved større hendingar.
Utstyrlager i lokalet	1		50 m ²	Oppbevaring av teknisk produksjonsutstyr, lager, verkstadbenk
Utstyrlager i kjellar	1		15 m ²	Produksjonsutstyr som dagleg skal ut/inn av bilane.
Stort møterom	1	12 personar	30 m ²	Til bruk ved større møte, allmøte/redaksjonsmøte. Vert lagt i tilknytning til kantine/foajé.
Sosial sone/m/kjøkkenbenk	1		20 m ²	Treffpunkt for samtalar, sosiale samlingar, møter og liknande. 2 oppvaskmaskiner, avtrekksvifte, kjøkkendisk med vask, overskap, kjøleskap
Apparatrom	1		50 m ²	Tekniske apparat
Kopi/print/arkiv	1		15 m ²	Skap og hyller for oppbevaring av arkiv og kontorutstyr
			657 m²	

Forstudie 10. mars 2019

Rein Design				
Kontor	1	2 personar	15 m ²	
Kontor	1	3 personar	20 m ²	
Kontorlandskap	1	5 personar	30 m ²	
Reserve kontorplass			10 m ²	75 m ²
Tilgang til møterom10-20 personar				Felles møterom, felles toalett

Fellesareal				
Fellestilkomst/foajé		Max. 400	300 m ²	Foajé for teateret/tilkomstsone for bygget. Nær kantine/kafé/restaurant .Ein synergi i arealbruk for dette arealet og kantine/kafé/restaurant må utnyttast. Kantinearealet bør reknast inn i det totale behovet.
Kantine	1	1,2m2 pr pers	90 m ²	100 personar. Rekna med 75% samstundes bruk
Kjøkken	1	50 m ²	50 m ²	
Kjølerom	1	2 m ²	2 m ²	
Tørrvarelager	1	6 m ²	6 m ²	
Reinhaldsrom	1	3 m ²	3 m ²	
Kontorplass	1	1 person	5 m ²	
Gard/wc kantinepersonale	1	4 m ²	4 m ²	
Toalett og garderobe tilsette			110 m ²	Det skal vere kjønnskilt skiftegarderobe med dusj og toalett. Dei skal vere felles for alle i huset. I tillegg skal det vere toalett i nærleiken av arbeidsplassane.
Toalett og garderobe til foajé/kantine		Max. 400	90 m ²	
			660 m ²	

Drift				
Reinhaldsrom/bøttekott			20 m ²	Eitt i kvar etasje m/ utslagsvask og sluk
Avfallsrom			20 m ²	40 m ² Inkl. kjølt avfall frå kantina

Parkering				
Firda		4-5 bilar under tak		2 el. uttak
		Tilgang meir parkering		
		Sykkelparkering		
NRK		7 bilar under tak		Hybridbilar med el. uttak
		Tilgang til 3 plassar i tillegg		
		Sykkelparkering		
SoFt		2 bilar under tak		El. uttak
		1 trailer		Lengde 18m v/innlastingsrampe. flatt underlag
		Sykkelparkering		
		Elles publikumsparkering etter kommunen sitt krav.		
		Sykkelparkering		
Utomhus opphald				Det er ønskjeleg med utomhus opphald for dei tilsette.

Det blir brutto areal mellom 4 500 og 5 000 m² avhengig av netto/bruttofaktor. Det er mange store rom, så utifrå det burde faktoren ikkje bli så stor, men tekniske rom er ikkje med, og det tek ein del.

15. Forventa vinst

Målbilete

Som det går fram av målformuleringa vil vinsten vere knytt til nynorsk og nyskaping. Målbiletet kan brytast ned slik:

- *Betre eigna lokale i sentrum av Førde*
- *Samlokalisering og bruk av fellesareal*
- *Vekstmiljø for nynorsk og nav i regional (og nasjonal) klynge*
- *Auka nyskaping*
- *Meir kunnskapsdeling*
- *Sterkare attraktivitet*

Status og utviklingsområde

Alle verksemdene har eit potensiale for vidareutvikling, og saman er det mogeleg å nytte ut komplementariteten og skape synergjar.

Tabell 9 Utviklingsområde

Vinst	No-situasjon	Kva må vi utvikle vidare
Betre eigna lokale i sentrum av Førde	Firda ligg for langt frå sentrum. SoFt har dårleg eigna lokale i Førdehuset NRK sine lokale er ikkje tilpassa nye media	Må ligge i Førde sentrum Lokale til teateret må vere skreddarsydd for turnéverksemda NRK må vidareutvikle verksemda på nye sendeflater og SOME
Samlokalisering og bruk av fellesareal	Ikkje fellesskap i dag	Ei medviten organisering Stimulere til fellesløyisingar
Vekstmiljø for nynorsk og nav i regional (og nasjonal) klynge	Alle verksemdene er nasjonalt sterke nynorskbrukarar. Lite aktivitet på nasjonalt nivå	Gå saman om å ta nasjonalt ansvar for utvikling av nynorsk fagkompetanse, t.d. innafor dramaturgi, journalistikk mm Ta ansvar for «Nynorskfylket» Delta i nasjonale fora, som t.d. Nynorsk forum
Auka nyskaping	Firda største nynorskavis NRK sitt nynorskkontor SoFt nynorsk turneteater	Nytte ut komplementariteten og skape synergjar Styrke digital kompetanse Ligge langt framme i digitaliseringa
Meir kunnskapsdeling	Uformell og ad hoc deling av kunnskap	Strukturere og institusjonalisere kunnskapsdelinga mellom partane
Sterkare attraktivitet	Verksemdene ynskjer å rekruttere betre	Samarbeid om rekruttering og marknadsføring av Nynorskhuset som arbeidsplass

Strategisk analyse

Det er sterke og svake sider ved eit slikt prosjekt. Dei kan gi opningar, men og true gjennomføring.

Analysen skildrar positive og negative faktorar. Det vil nok endre seg undervegs.

	<u>Positivt</u> For å nå måla	<u>Negativt</u> Verkar mot måla
<u>Internt</u>	<u>Styrke</u> Sterk vilje til samarbeid Nynorsk står sterkt hjå alle partane Solid støtte frå fylke og vertskommune	<u>Veikskap</u> Komplisert anskaffing Alle må vere samde ved kvar milepåle og heilt fram Ulike krav til utbyggjar
<u>Eksternt</u>	<u>Opningar</u> Bli regionalt (nasjonalt) nav for nynorsk Kunnskapsdeling og komplementaritet Betre rekruttering Nyskapande t.d. innafor digitalisering	<u>Truslar</u> For høg husleige Manglande avklaring frå SoFt om auka driftstilskot Ansvar for drift av SoFt vert ikkje overført frå staten til fylkeskommunen

Figur 8 SVOT

Vurdering av usikkerheit i prosjektet

Kritiske faktorar

Tabellen under syner det som i dag er dei mest kritiske faktorane som kan true både framdrift og gjennomføring. Det mest alvorlege er knytt til teateret si evne til å bere dei auka leigekostnadene og eigarane sin vilje til å ta risiko når det gjeld eit høgare driftsnivå. Førebels er heller ikkje prosjektet forankra i Fellesnemnda for nye Vestland fylkeskommune.

Husleigenivået vil og kunne bli eit problem for alle partane. Ingen av dei har tilsvarende husleige pr. m² i dag.

Desse elementa kan stogge eller redusere prosjektet.

Interessa blant potensielle utbyggjarar er høg, men fleire av dei har, eller vil utvikle, planar. Nokon har alt andre alternativ og vil neppe vente om framdrifta ikkje vert god.

Det er dessutan krevjande å organisere bruk av fellesareala og sikre areal til andre relevante leigetakarar.

Forstudie 10. mars 2019

Tabell 10 Risikovurdering¹⁴

#	Kritiske faktorar	S	K	RF	Moglege tiltak/ansvarleg
1	Ikkje avgjerd på auka driftstilskott SoFt før i 2021	4	5	20	Eigarar og styret må ta risiko; elles må teateret gå ut
2	Fellesnemnda for Vestland seier nei	2	5	10	SoFt går ut. Dei tre andre går vidare
3	Husleiga vert for høg	3	3	9	Redusere romprogrammet/kvaliteten.
4	Ikkje nok utbyggjarar er interesserte	2	4	8	Ny konkurranse eller direkte kjøp
5	Ikkje rom for andre relevante leigetakarar	2	3	6	Legge inn tidsavgrensa opsjon i anskaffinga
6	Ikkje semje om bruk av fellesareal	1	2	2	Gå vidare utan fellesareal

¹⁴ S – Sannsynleik. Kor sannsynleg vil det vere at dette skjer .m skala 1- 5 (5 er mest sannsynleg)

K – Kritisk. Kor kritisk vil dette vere viss det skjer. Skala 1-5 (5 er mest kritisk)

RF – Risikofaktor (S * K). 15 eller høgare vil løyse ut ein aksjon innan ein fastsett dato.

16. Økonomi

Styringsgruppa har bedt om økonomiske vurderingar basert på romprogrammet og enkle vurderingar omkring forventa kostnadsnivå på leigekontraktane.

Døme

På dette nivået i planlegginga har det vore naturleg å samanlikne med tilsvarende bygg i Førde. Her er Førde rådhus eit godt døme, både med omsyn til lokalisering og standard. Førde kommune leiger ut areal i rådhuset i dag.

Førde rådhus:

Husleigene er auka for 2019¹⁵:

- Kr 2.118,- per m² per år utan mva
- Kr 2.623,- per m² per år med mva

Hafstadgården

Leigekontraktar i Hafstadgården er i dag (2 - 4 høgda) kr. 1660,- pr. m² nettoareal. I tillegg kjem del av felleskostnader, og straum med omlag kr. 200,- pr m²

FDV-kostnader

Etter Holte-nøkkelen¹⁶ varierer FDV-kostnadene relativt mykje mellom mindre og større bygg. Her er to døme med normal standard:

Tabell 11 FDV-kostnader (Holte 2019) kr/m² BTA

	Kontorbygg Atrium (8 540 m ²)	Kontorbygg (1 890 m ²)
Drift	53,06	92,91
Vedlikehald	72,75	114,33
Reparasjon av skader	24,28	26,29
Utsifting	132,58	197,42
Reinhald	193,06	318,52
Sum	476,27	748,77

Det går fram av rom- og funksjonsprogrammet at særleg SoFt, men og delvis NRK treng nokre spesialtilpassa rom. For teateret sin del kan det vere at dette til ein viss grad vert kompensert ved at areal som t.d. verkstad og lager er noko enklare.

¹⁵ Prisauken er på 3,3 % jamfør konsumprisindeks (nov -17 på 106,1 og nov -18 på 109,6 = $3,5/106,1 * 100 = 3,3$ %) 80 % av auken: $3,3 * 80 / 100 = 2,64$ % auke

¹⁶ <https://holte.no>

17. Tiltråding

For å kome vidare i arbeidet er det naudsynt at partane sluttar seg til ei rad tilrådingar. Om det ikkje vert semje om tilrådingane i styringsgruppemøte 2. april 2019, må partane gå nye rundar. Det vil ikkje vere mogeleg å gå til neste steg (t.d. frå AP1 til AP2) før det er etablert semje mellom partane.

Organisering og eigarskap

Dei to eigarane av SoFt må vere budde på nytt husleigenivå frå og med budsjettåret 2022.

Teateret må alt no godkjenne framdrifta og forplikte seg til å ta stilling til auka driftstilskott før kontrakten med utbyggjar vert signert.

Vurdering av konseptvalet

Partane teiknar separate kontraktar med utbyggjar på eigne areal og ev. deling av fellesareal.

Utbyggjar må ta risikoen med å legge til rette for nye leigetakarar i klynga.

Styringsgruppa og prosjektleiaren presenterer forprosjektet for potensielle leigetakarar med nynorsk som felles identitet.

Styringsgruppa får fullmakt til å inkludere nye partar i samarbeidet.

Felles organisering?

Firda tek på seg å vere ansvarleg juridisk eining fram til kontrakt med utbyggjar er signert, ev. mot ei mindre godtgjering frå dei andre partane.

Det vert teikna samarbeidsavtale for å fordele risiko og ansvar så snart Firda ber om det.

Anskaffingsstrategi

SoFt si anskaffing skal følgje Lov om offentleg kjøp. Dei andre partane tek stilling til det formelle rundt deira anskaffing når det det ligg føre tilråding frå felles konsulent.

Partane er samde om å gjennomføre ein avgrensa tilbodskonkurranse mellom dei fem som har levert skisseprosjekt.

Anskaffinga skal skje som konkurranse med tingingar (med prekvalifisering).

Skisse til overordna prosjektplan

Partane godkjenner budsjett, prosess og fasane (AP1-6) fram til signering av kontrakt.

Føresetnaden er at partane sine rette organ får høve til å godkjenne prekvalifiseringa (AP2), felles kravspesifikasjon (AP3), val av leverandør og kontrakt (AP6).

Styringsgruppa får fullmakt til å velje felles konsulent (AP1) og stå for konkurranse med tingingar (AP5).

Ev. separat kravspesifikasjon (AP4) vert fastsett og betalt av den parten som ynskjer å nytte seg av denne løysinga.

18.Figurar og tabellar

Figur 1 DIFI - Tid, påverknad og kostnader	3
Figur 2 Interessentar	10
Figur 3 Kulturmeldinga.....	14
Figur 4 Media City Bergen (MCB).....	16
Figur 5 Organisering	18
Figur 6 Proses fram til kontrakt.....	26
Figur 7 Skisseprosjekta og plassering.....	30
Figur 8 SVOT	38
Tabell 1 Styringsgruppa.....	6
Tabell 2 Roller	19
Tabell 3 Romprogram og fordeling av kostnader	21
Tabell 4 Fasar og leveransar	25
Tabell 5 Fordeling av kostnader	25
Tabell 6 Forenkla Gantt-diagram med framdrift og ressursar	29
Tabell 7 Potensielle utbyggjarar	30
Tabell 8 Rom- og funksjonsprogram	32
Tabell 9 Utviklingsområde	37
Tabell 10 Risikovurdering	39
Tabell 11 FDV-kostnader (Holte 2019) kr/m ² BTA	40

19. Vedlegg

Assistanse frå Sogn og Fjordane fylkeskommune

Styringsgruppa har bedt prosjektleiaren avklara fylkeskommunen sin medverknad i anskaffingsprosessen. Følgjande skisse til medverknad er utdrag frå notat lagt fram for fylkesutvalet som skriv og meldingssak til møtet 6. mars 2019.

«Kva kan fylkeskommunen bidra med i høve anbodskonkurranse «Nynorskens hus»

Fylkeskommunen ser føre seg at vi kan gjere følgjande som del av vår ordinære drift (altså gratis):

Bidra med å hente inn ein kvalifisert konsulent/konsulentselskap som kan rådgje prosjektet innkjøpsfagleg og gjennomføre ein anbodskonkurranse i høve regelverk om offentlege anskaffingar.

For å vere tydeleg på roller og ansvar ser vi for oss følgjande:

- Fylkeskommunen kan hjelpe med å utarbeide ein tilbudsførespurnad, inkludert ein kravspesifikasjon og tildelingskriterier
- Fylkeskommunen kan føreslå aktuelle leverandørar som kan inviterast til å gi tilbud
- Fylkeskommunen kan hjelpe med å evaluere tilboda
- «Nynorskens hus» sender tilbudsførespurnaden og mottar tilboda sjølv
- Fylkeskommunen står ikkje som avtalepart med konsulent/konsulentselskap

Vi ser det som eit føremonn for prosjektet å engasjere ein slik konsulent/konsulentselskap så tidleg som mogleg i prosessen, fordi konsulenten vil kunne komme med avklaringar som er viktige for prosjektet på eit tidleg tidspunkt.

Kva som skal vere kravspesifikasjonen vil måtte justerast saman med «Nynorskens hus», men vi ser føre oss at aktuelle moment i ein tilbudsførespurnad vil vere

- Skildring av prosjektet
- Skissering av kva arbeid som skal utførast
 - o Rådgjeving i høve regleverk for offentlege anskaffingar slik som verdivurdering, behovsspesifikasjon, steg i anskaffingsprosessen, kontrakt
 - o Utarbeiding av konkurransegrunnlag, kontrakt mm, utarbeiding/kvalitetskontroll av behovsspesifikasjon/kravspesifikasjon
 - o Handtering av ein eventuell prekvalifisering
 - o Utlysing, mottak av tilbud, organisering av evaluering av tilbud, innstilling, innsyn, eventuell klagehandsaming til eit visst punkt
- Timepris
- Kvalifikasjonar. Må ha kompetanse innan
 - o Innkjøpsregelverk
 - o Leigeavtaler versus byggje- og anleggskontraktar
 - o Byggje- og anleggskontraktar
- Moglegheit for å avbryte kontrakt med konsulent/konsulentselskap når som helst, eventuelt ved gitte tidspunkt, alt etter kva vending prosjektet tar.»

Prosjektplan

Nynorskhuset

(forprosjekt med prosess fram til val av utbyggjar)

Oppdragsgjevar:

Nynorskhuset, eit samarbeid mellom Firda Media AS (Firda), Sogn og Fjordane Teater (SoFt) og NRK Sogn og Fjordane (NRK). Formell avtalepart er førebels Sogn og Fjordane Teater på vegner av dei tre.

Bakgrunnen for prosjektet:

Oppdragsgjevarane har eit felles mål om å utvikle eit klyngemiljø av kultur- og mediebedrifter som kan bli eit løft for det norske språket og ei innovativ kraft for aktørane.

Ved å samlokalisere ei rekke kultur- og medieaktørar skal Nynorskhuset i Førde bli den største nynorskklynga i landet og eit nasjonalt kraftsentrum for norsk språk og kultur.

NRK, Firda og Sogn og Fjordane Teater blir dei største aktørane i dette klyngemiljøet.

Dei har meldt inn slikt tentativt arealbehov:

- *Firda - areal- og funksjonsplan - 600 m²*
- *SoFt - areal- og funksjonsplan - 1 740 m², av dette 150 m² kontor*
- *NRK vil tidlegast ha klar areal- og funksjonsplan tidleg i 2019, førebels forventa arealbehov 900 m²*

Rein Design as har levert areal- og funksjonsplan som syner arealbehov på 75 m²

Samstundes blir de arbeidt med å få andre aktørar inn i bygget. Truleg vil også utleigar gjere det same.

Resultatmål (forventa resultat i prosjektet):

Forprosjekt klar 1. mars 2019. Val av utbyggjar ila. 2019.

Hovudprosjekt: Nynorskhuset reist og i drift 2022.

Oversikt over føreliggjande informasjon:

Ideskisser frå potensielle utbyggjarar i Førde

Dokument frå styringsgruppa frå august 2018 til desember 2018

Div. korrespondanse i same periode

Skisser til romprogram frå dei tre partnarane og andre aktuelle leigetakarar

Saksdokument og vedtak i Fellesnemnda for Sunnfjord kommune, Førde kommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune

Utkast til intensjonsavtaler med vedtak om deltaking

Parallele prosessar:

Arkitektkontoret4b i Sogndal er engasjert for å utarbeide rom- og funksjonsplan eksklusive forprosjekt innan 1. mars. (Forprosjekt, Fase II)

Prosjektet sine fasar:

Mål: Forankre Nynorskhuset strategisk, organisatorisk og økonomisk.

Forprosjekt, Fase I: "Strategi og forankring"

Forprosjektet skal ha slikt innhald:

- *Bakgrunn for prosjektet*
- *Interessentanalyse*
- *Prosjekt mål*
- *Rammevilkår*
- *Risikoanalyse og kritiske suksessfaktorar*
- *Økonomi*
- *Prosjektorganisasjon*
- *Prosjektplanar*

Dokumentasjon:

- *Forprosjektrapport*

(Forprosjekt, Fase II: "Rom- og funksjonsprogram" (vert gjennomført av arkitekt)

Mål: Romprogrammet skal vere grunnlag for innhenting av entreprise for prosjektet.

Dokumentasjon:

- *Rom- og funksjonsprogram*

Forprosjekt, Fase III: "Førespurnad"

Mål: Sende ut førespurnad til potensielle utbyggjarar.

Dokumentasjon:

- *Førespurnad*

Forprosjekt, Fase IV: "Val av utbyggjar "

Mål: Kontrakt med utbyggjar.

- *Ta imot tilbod*
- *Evaluere tilbod*
- *Val av utbyggjar*
- *Kontraktstingingar*

Dokumentasjon:

- *Kontrakt*

Framdrift (forprosjekt):

Tilbodsinnhenting: 1. mars -1. juli 2019
 Val av leverandør(ar) 1. juli - 1. september
 Førrebels avtale 1. september - 1. november
 Endeleg avtale 01. nov

2019	1 k	2 k	3 k	4 k
Forprosjekt				
Rom- og funksjonsprogram				
Førespurnad				
Tilbodsinnhenting				
Val av leverandør				
Kontrakt				

Planlagt byggestart 01.02.2020

Innflytting 01.01.2022

Organisering og arbeidsform:

Styringsgruppa vert sett saman av representantar frå:

- *NRK, Terje Gillehammer*
- *Firda, Svein Atle Huus/Kai Aage Pedersen*
- *SoFt, Rasmus Mo/Bodil Kvamme/Margunn Grytten Selvik*

Ressursgruppe:

- *Fylkesordføraren og ordføraren i Førde*

Prosjektleiing:

- *Vidsyn rådgivning as v/Jan Øhlckers*

Innleigd arkitekt:

- *Arkitektkontoret4b as v/Guri Fonsdal*

Rapportering:

Arkitekt rapporterer til prosjektleiar. Prosjektleiar rapporterer til styringsgruppa.

Styringsgruppa sine representantar rapporterer til oppdragsgjevarane

Økonomi/Budsjett:

Samla kr 400 000 fordelt på arkitekt (kr 150 000) og styringsgruppa/prosjektleiar mm (kr 250 000).

Oppdragsgjevarane dekke sjølve sine kostnader.

Fullmakter:

Sjå kontakt med Vidsyn rådgivning as og tilbudsbrief frå Arkitektkontoret4b

<p><i>Anna:</i> Prosjektet har høve til å nytte kompetanse i fylkeskommunen (kultur, bygg & eigedom, innkjøp)</p>

<p>Førde/Sogndal, 10.01.19</p>	
--------------------------------	--

	<p>For Oppdragsgjevarane Rasmus Mo Sogn og Fjordane Teater</p>
--	------------------------------------------------------------------------

Intensjonsavtale

Intensjonsavtale

mellom

Firda Media AS, Nynorsk avissenter, Sogn og Fjordane teater,
Rein design, NRK og NRK Nynorsk mediesenter

og

prosjektet Nynorskhuset

Partane

Avishuset Firda, Sogn og Fjordane teater, Rein Design og NRK.

Prosjektet Nynorskhuset

Prosjektleiing for Nynorskhuset inntil eigen organisasjon er fastlagd.

Kva avtalen gjeld

Partane vil samarbeide om å få reist Nynorskhuset i Førde.

Dette er ein intensjonsavtale. Det skal avklarast kva som er den mest tenlege måten å realisere huset på. Prosessen vidare må gje svar på korleis bygging og drift av eit slikt bygg skal organiserast, enten gjennom leige eller eigarskap.

Bakgrunn – mål og felles interesser

- *Partane vil bidra til å utvikle eit klyngemiljø av kultur- og mediebedrifter som kan bli eit løft for det norske språket og ei innovativ kraft for aktørane. Nynorskhuset skal vere eit nasjonalt kraftsentrum for nynorsk språk og kultur*
- *Ved å samlokalisere ei rekke kultur og medieaktørar, vil vi utvikle ei motvekt til forvitringa av språket*
- *Nynorskhuset skal romme eit mangfald av mediebedrifter og kulturinstitusjonar med det nynorske språket som felles overbygg*
- *Det vil bli arbeidd med å få fleire aktørar inn i bygget. Det skal vektleggast å få med utviklingsorienterte bedrifter*
- *Pilarane i huset skal vere mediehuset Firda, Nynorsk avissenter, NRK, NRK Nynorsk mediesenter og Sogn og Fjordane teater*

Intensjonar

Det skal utviklast ein eigen avtale mellom partane når det er forhandla fram ein endeleg avtale med utleigar.

Dersom ein av partane ikkje blir med eller først kan komme til seinare, tek likevel dei andre sikte på å realisert bygget dersom ein ser dette som tenleg.

Plikter

Delta aktivt i utvikling og gjennomføring av prosjektet gjennom deltaking i prosjekt- og referansegrupper og dekke eigne kostnader i prosjektet.

- *Kostnader knytt til prosjektleiing og utarbeiding av felles kravspesifikasjon og førespurnad om tilbod skal fordelast mellom aktørane etter forventa leigeareal*
- *Kostnad knytt til utarbeiding av spesiell kravspesifikasjon til kvar enkelt leigetakar skal belastast kvar enkelt etter bruk*
- *Forhandlingsforbod om tilsvarande leigeavtaler*

Forstudie 10. mars 2019

- *Informasjonen om prosjektet skal til vanleg gå gjennom prosjektleiar*

Framdriftsplan

Tilbodsinnhenting	1. mars - 1. juli 2019
Val av leverandør(ar)	1. juli - 1. september
Endeleg avtale	01.nov
Innflytting	01.01.2022

Intensjonsplanen si lengde

Avtalen gjeld frå den er underteikna av både partar og til den blir erstatta av ein ny samarbeidsavtale.

Oppseiing

Intensjonsplanen kan seiast opp skriftleg med 3 - tre - månaders varsel

Avtalen er signert av alle fire partane.

Kontraktar og avtaler

Det er teikna kontrakt om prosjektleiing med Vidsyn rådgivning as v/Jan Øhlckers og Funksjons- og romprogram med Arkitektfirma 4b /v Guri Fonsdal.